

hva jeg leser med interesse og hvilke kapitler jeg blir skuffet over, mest fordi teksten blir for summarisk.

Men alt i alt fungerer boken i sin kortfattethet. Selv overfladisk lest vil man sitte igjen med en følelse av å være litt akterutselt. Stramme rammer og etablerte rutiner gjør at deler av enhver medisinsk studieplan vil kunne bli sedimentert, for lite inspirert, for lite i takt med moderne pedagogikk. Da vil denne oversikten kunne gi inspirasjon til hvor man bør sette inn kretene, i oppdatering eller nyskaping av læringsmetoder.


**Anders Bærheim**  
Institutt for samfunnsmedisinske fag  
Universitetet i Bergen

## E-læring – står vi foran et paradigmeskifte?

Sandars J, red.

**E-learning for GP educators**

164 s, tab, ill. Oxon: Radcliffe, 2006. Pris GBP 25  
ISBN 1-84619-011-8



Dette er en britisk bok om status for e-læring i Storbritannia. Den beskriver også fremtidige muligheter innenfor e-læring. Formålet er å bidra til moderniseringen av kunnskapstillegnelsen i allmennlegers videre- og etterut-

danning. Målgruppen er først og fremst lærere i og planleggere av undervisning i allmennmedisin.

Det er 21 kapitler, og de ulike kapittlene er skrevet av forskjellige forfattere. I de første defineres e-læring, og det beskrives hvordan e-læring understøtter moderne pedagogiske prinsipper som motivasjon for læring, interaktivitet, selvtesting, feedback, samarbeid med andre. Boken er gjennomgående lettles, selv om det er mange ulike forfattere. Det er få illustrasjoner.

Ulike e-læringsmetoder beskrives. Forfatterne er flinke til å poengtere at fokus må være på læring og at teknologiens plass er å forsterke læringen. Samtidig fremgår det av deres eksempler at elektroniske medier synes særlig godt egnet til å fremme læring. Man understreker e-lærings styrke som «just-in-time-learning», at kunnskapen er tilgjengelig når brukeren trenger den og motivasjonen for læring er på topp. Den tillater dessuten brukeren å arbeide i eget tempo. Det vises også til at kliniske retningslinjer er mindre stabile enn før, at den høye forskningsaktiviteten og forventningene til å praktisere kunnskapsbasert

medisin medfører raskere endringer i retningslinjene. Det krever hurtigere oppdateringer, noe som er de elektroniske medienes fortynn.

Siden boken er skrevet av britiske lærere og basert på britiske erfaringer, er ikke alt innholdet like relevant for norske lesere. Det kan også innvendes mot forfatternes entusiasme at det å utvikle elektroniske læremidler er en ressurskrevende og tidkrevende jobb. Innholdsmessig er boken ujevn. Noen kapitler er interessante og lærerike, mens andre er mest «preik».

Den kan være interessant for dem som er involvert i e-læring, men det er egentlig lite nytt. Dog er det prisverdig at man har samlet stoff om et mulig paradigmeskifte i måten vi lærer på.

**Terje Johannessen**  
Institutt for samfunnsmedisin  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

## Personleg om pasientsentrert diagnostikk

Summerton N.

**Patient-centred diagnosis**

152 s, tab, ill. Oxon: Radcliffe, 2006. Pris GBP 22  
ISBN 978-184619-055-1

Dette er ei god bok om medisinsk diagnostikk. Ho blir interessant og hyggeleg å lese fordi forfattaren bruker eigne kliniske erfaringar og pasienthistorier til ein systematisk gjennomgang av diagnostisk tenking. Teksten er i eg-form, men likevel klarer forfattaren å kombinere det kasuistiske og personlege med oppdatert og til dels avansert kunnskap om diagnostisk tankegang. Og han har med det meste; klinisk uvisse, sensitivitet og spesifisitet i praktisk bruk, Bayes teorem, pre- og posttestberekingar ovanfor enkelpasientar og forskjellen mellom å utelukke og å stadfest ein diagnose. Han legg stor vekt på at vi får mest informasjon frå kunnskap om pasienten sin bakgrunn, symptomanalyse og klinisk undersøking og av og til litt ekstra frå laboratoriet og meir avanserte undersøkingar.

Boka er skiven av ein britisk allmennpraktikar som er universitetslektor i Hull og har forskingsinteresser innan diagnostikk. Eksempla er difor stort sett frå allmennpraksis, men med stor relevans for alle som møter pasientar tidleg i sjukdomsgangen. Ho startar med ei overraskande bekymringsmelding: Stadig fleire av dei tilsette i akademiske stillingar i britisk allmennmedisin er ikkje-legar, eller legane har manglande klinisk utdanning eller erfaring. Summerton meiner at slike ikkje-kliniske akademikarar har synspunkt og verdiar med stor gjennomslagskraft og at dette har stor innverknad både på undervisninga og på kor-

leis forskingsprioriteringar vert gjort. Dette tek merksemda bort frå praktisk legearbeit, noko han meiner fører til dårlegare legeutdanning.

Denne boka er midt i blinken for undervisarar i alle kliniske fag i legestudiet dersom ein vil ta utgangspunkt i pasienten sitt første møte med helsetenesta. Slik sett eignar ho seg best for undervisarar og praksislærarar i allmennmedisin. Men vi høyrer stadig frå legestudentane at også lærarar i mange spesialfag tek utgangspunkt i kva som skjer og bør skje i førstelinetenesta. For desse vil denne boka gje innsikt i moderne allmennmedisinsk diagnostisk tenking. Eg møter også kollegaer som seier at klinisk epidemiologi og bruk av testspesifikasjonar er teoretisk interessant, men lite nyttig eller brukande i klinisk praksis. For slike kan boka gje ny innsikt.

**Steinar Hunskår**  
Seksjon for allmennmedisin  
Institutt for samfunnsmedisinske fag  
Universitetet i Bergen

## Kven sa kva? Tekstvitskap om journalen

Engebretsen E.

**Hva sa klienten?**

Retorikken i barnevernets journaler. 132 s, ill. Oslo: Cappelen Akademisk, 2007. Pris NOK 239  
ISBN 978-82-02-24969-4



Medisinsk vitskap handlar oftaast meir om tal enn om tekst. Denne boka er ein tekstvit-skapleg gjennomgang av journalskriving og byggjer på forfattaren si doktoravhandling *Barnevernet som tekst. Nærlesing av 15 utvalgte journaler fra 1950- og 1980-tallet* (1). Forfattaren har sin faglege bakgrunn innanfor idéhistorie, språkfilosofi og tekstvitskap. Han byggjer analysane i hovudsak på den poststrukturalistiske språkfilosofien til franskmannen Jacques Derrida, men nyttar også andre teoretiske perspektiv som Mikhail Bakhtins språkteori og Hanna Arendts politiske filosofi. Boka er primært tenkt til studentar i barnevernspedagogikk, men har klar relevans for alle som arbeider med journaltekstar innanfor sosial- og helsefag. Den er også inspirert av Petter Aaslestads analysar av psykiatriske journalar i *Pasienten som tekst* (2), og har mange trekk til felles med denne. Føremålet er å gi sakshandsamarane i barnevernet eit vokabular til innsikt i eigne og andre sine journalar, og på denne måten stimulere til